



ÅRDAL KYRKJE



BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPELL



SANDNES KYRKJE



AUSTAD KYRKJE

Kyrkjebladet

Nr. 3 - 2025 - 82. årgang

FOR BYGLAND



Soloppgang over Jegindø. Foto: Olav Nilsen

Dette kan du lese om i Kyrkjebladet:

***Andakt • Vår nye kyrkjevevje • Olsokgudsteneste • Takk for meg
Ein prostidiakon av Guds nåde • Byglendingar i sønderled
På kyrkjeveg • Kickoff med konfirmantane***

Andakt ved Olav Nilsen:

For det er ikkje frelse i nokon annan



I tenåra kom eg i sterk opposisjon til foreldra mine. Eg protesterte på det meste av det dei sa, smelde med dørene og gjekk ofte opp på rommet mitt i fullt sinne.

“Olav er komen i protestalderen”, sa mor mi, og la til: “Og det nytter ikkje å diskutera med han heller, for han har så godt ordforråd”:

Det hadde ho vel langt på veg rett i, og eg vil legga til: Det er mykje betre å protestera i den alderen enn å venta til “seinpuberteten” som ein del menneske tykkjest å gjere.

I 40-50-årsalderen er det etter mitt syn for seint, og kan hende lever ikkje

foreldra ein gong lenger. Så då trur eg heller ein skal late det vere, same kor galt ein meiner det eine og det andre var. Dessutan er det ein fordel å ta på seg dei brillene som gjaldt då, ikkje dei ein bruker i dag.

Det lærte eg mellom anna av min gamle far, som mange byglendingar hadde gleda av å treffa - ikkje minst på gospelkonsertane der han alltid var på framste benk i kyrkja, og der han meir stod enn sat, ofte med stokken veiftande i lufta i takt med musikken. Siste gongen var det “Harlem spirit of Gospel” som slo an tonane - då var han 97 år gamal og svevde mest over stolradene.

Roddemusikk

Då eg var i “protestalderen” spelte eg ofte musikk som far min ikkje likte - anten det var rock, blues, soul eller gospel. “Roddemusikk” kalla han det.

Men på sine gamle dagar anskaffa han seg ein gedigen “Boomblaster”, og ein kveld eg kom bort til han spelte han rockemusik på full guffe så de rista i heile huset.

Då eg minna han på kva han på 70-talet hadde sagt om slik musikk, kom svaret kontant: “Ja, men me lever ikkje på 70-talet lenger”!

Foreldra mine var sterkt engasjert i kristent arbeid, og delar av dette fekk eg nok og litt i vrangstrupen - sjølv om eg ikkje protesterte like høglydd på det området.

For dette med Jesus tykte eg vart for nærgående. Gud var greit nok.

Med smilehol og sjarm til tusen

Så ein dag drog naboguten og eg på konsert i Kristiansand. Eg var 15 år gamal, han 14. Då ville me i Kristiansand domkyrkje og høyra på ein ung amerikansk-norsk gospelartist dei kalla Evie.

Det vil seia - me ville kan hende like mykje sjå henne som høyra henne. For blond og fager var ho - med smilehol og sjarm til tusen.

40 år seinare fekk eg ein av mine store draumar oppfylt då eg fekk klem av henne under ein konsert i Bygland kyrkje!

Domkyrkja var stuvande full av både unge og gamle, og den eine “gospelsviska” etter den andre fylte lokalet.

På førehand hadde eg lese i annonsa at biskop Erling Utne skulle halde appellen! Det gjekk ikkje an tenkte eg, og såg føre meg ein høgtideleg prelat koma sjevande inn i fullt bispeskrud medan han mulla og messa på nokre lange uforståelige liturgiske tekster.

Så feil kunne ein ta.

Protestmakaren på nest bakerste benk

For her kom det fram ein heilt vanleg mann, rett nok kledd i ein fin dress, men elles som folk flest. Og det han sa frå talarstolen gjorde sterkt inntrykk

Ny sokneprest!

Som ein ser av både guds-tenestelista og kontaktinformasjonen er vår nye sokneprest Kristine Borgen allereie godt i gang med tenesta si i Bygland og Årdal sokn.

Samstundes er sokneprest Kjell Steinbru i ferd med å gå over i pensjonistanes rekke.

I julenummeret av Kyrkebladet vil me ta ein god prat med dei båe, så då har lesarane noko å sjå fram til i neste nummer og!

på den unge protestmakaren på nest bakerste benk.

For der stod han og fortalte enkelt og forståeleg om korleis han i sin ungdom fekk møta Jesus og bli frelst! Nett slik predikantane på bedehuset pla seie det.

Og nett slik far min hadde fortalt om då han under ei vekking på heimstaden Hidra i sin undom bøygde kne og gav seg over til Jesus.

Eg hugsar eg sat der i benkeraden og tenkte: "Om ikkje ein gong biskopen klarar seg utan Jesus, då gjer ikkje eg det heller"!

Etter appellen var det innbyding til frelse. Og medan Evie song "Kom som du er til din Frelser" vart alterringen fylt opp av unge og eldre som gav seg over til Gud. Og aldri har eg kjent Guds kall så sterkt som denne kvelden. Ja, eg var sikker på at dei kunne høyra hjarteslaga mine over heile Kvadraturen.

Våga meg ikkje fram

Men det var to hindringar for å gå fram, tenkte eg. På den eine sida ein høg stolpe, på den andre sida kamerten min.

Det viste seg seinare at han og hadde kjent Guds kall like sterkt, men at han heller ikkje våga å gå fram. Då me åpna våre hjarte for kvarandre nokre månader seinare, vart me einige om at me og ville gje vårt liv til Jesus.

Denne kameraten har eg seinare hatt gleder av å skrive ein del songar i lag med. Eg med tekstar, han med melodiar. Men det er ei anna historie.

Mange vegar til Jesus

No skal det seiast at det er mange måtar å kome til kristen tru på. Å gå fram på eit vekkingsmøte er på ingen måte den einaste. Og det kan vel tenkjast at ein på dette feltet i visse kretser har gått fram nok uvisseleg.

Difor tykkjer eg følgjande utsagn er både sant og rett: "Det finnest berre ein veg til Gud, men det finnest mange vegar til Jesus".

Difor trur eg det i vår tid er viktigare enn nokon gong å minne om det Jesus sjølv seier i Johannes 14.6:

"Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjen-

Kyrkjebladet for 50 år sidan - 1975

Gåver til Kyrkjelydsbladet

O. J. Haugå 20, Eli Lauvdal 20, Sverre Arneberg 10, Pål Lidi, Gyro Hage 10, Tone Granheim 5, Gyro Kvestad 10, (Gerd Pettersen, Astrid Funkvik & Jorunn Larsson 25) Ingebjørg Hagtveit 10, Bibbi & Olav Nybø 10, Leif Helgesen 10, Anne & Torleif Haugen 10, Gunhild Frizman 5, Åsmund Vollen 10, Birgit Austad 10, Rolf Frøvik 20, Gunnar Skomedal 10, Olav Bubakk 10, Tellef Simonstad 5, Mari Gundhus 5, Tarkjell Simonstad 5, Ingebjørg & Gunnar Sandaker 20, Tore Rydning 10, Gunn & Bjørn Andstad & Sigrid Nersten Lunden 40, Tone & Vråll Gakkestad 10, Birgit Harstad 10, Liv Aas 10, Gunnar Heistein 10, Torbjørg Bygland 5, Tarald Huset 10, Olav O. Lauvdal 10, Ingebjørg Honne 10, Anne Helle 10, (Sigrid Skjeggedal, Torjus V. Neset & Vråll Neset 20), R. Bolling 20, (Sigrid K. Bygland, K. W. Bygland, Knut Bygland 30), E. A. Berntsen 30, Tarald O. Langeid 10, Liv Sikveland 10, Palmar Taksdal 10, Tarald K. Langeid 10, Bjørgulv Langeid 10, Gunnar Aa. Skåmedal 10, Åsolv Langeid 10, Birgit Carlsen 5, Gunstein Langeid 10, Bjørgulv Besteland 10, Olav Bj. Langeid 10, Jorunn Meland 10, Gunnar Langeid 10, Gro Mostøl 5, Ingebjørg Mosdøl 5, Birgit Ormestad 5, Halvar Haugen 10, Lisa Greibrokk 10, Bjørgulv Løyland 10, Gyrid Trydal 10, Sigrid Engen 10, Ingebjørg Thue 10, Gunnar Løyland 10, Mari Løvhaug 5, Birgit Lande 5, Marie Lande 5, Helga Håbbesland 10, Magnhild Brukås 10, Gunhild Greibrokk 10, Åshild Myre 5, Hartvik Fjeldberg 5, Anne Marie Skomedal 10, Jørund Rysstad 10, Anne Moseid 10, Liv & Arnodd Stapnes 20, Harald Eieland 10, Tora Vegusdal 10, A. Hærås 10, Rigmor & Magne Kjetså 5, Gunnar Bakke 10, Jørund Bakke 10, Birgitt Bakke 10, Olav Omnes 5, Birgitt Hovland 5, Olav Åsen 10, Anne Sk. Hovstad 10, Pål Omnes 10.

Hjarteleg takk

Nytt orgel i Årdal kyrkje

Vi nemner dette med glede og takk. Det gamle orgelet var rett og slett ei plage, i første rekke for organisten. Trass i fleire reparasjonar, låt det helst som eit «pipe-orgel» i slett mening.

Noko måtte gjerast, og soknerådsformannen fekk i oppdrag å innhente pristilbod. Det resulterte i at eit Sonata Elektronisk Orgel vart innkjøpt frå firmaet Øhrn

nom meg". Eller som Peter seier det i Apostelgjerningane 4.12: "Det er ikkje frelse i nokon annan, for det finst ikkje noko anna namn under himmelen, gjeve blant menneske, som me kan verta frelste ved"

Dette sa Peter til dei skriftlærde etter at han og Johannes hadde vorte kasta i fengsel av dei vitna om Jesus.

Og kan hende er det denne bodskapen både lek og lært idag treng

Frå heim og kyrkje



BYGLAND:

- Døypte:**
15/6 Inger Siri Lidi.
Avlidne:
15/10-74 Gunstein Torson Skomedal, f. 29-9-1910.
10/4 Agnes Lauvland, f. 5-12-1891.
5/6 Torbjørg Nese, f. 23-6-1904.
1/7 Gro Torggrimsdtr. Lauvland, f. 31-8-1882.

ÅRDAL:

- Døypte:**
13/4 Johan Edward Harlund Sundt. Døpt i Grim, Kr.sand S.
28/3 Halvard Helle. Døpt i Hylestad.
1/6 Knut Benny Uppstad.
6/7 Ole Freydar Gaarden
6/7 Egil Haugaa
13/7 Sverre Mo Olsen. Døpt i Skjeberg
27/4 Elin Galteland
Ektevigde:
27/6 Hermann Skard og Arnlaug Hannaas. Vigd i Kr.sand S.
Avlidne:
3/6 Nils Nersten, f. 24-7-1882.
8/7 Jon Løyland, f. 27-11-1887.
27/4 Thora Hoff, f. 14-12-1882.

AUSTAD:

- Døypte:**
29/6 Ragnhild Sordal.
Avlidne:
10/7 Guttorm Paus, f. 30-3-1958
10/7 Dag Ose, f. 11-3-1960.
25/7 Gunnar Andreessen Langeid, f. 1-2-1896.

SANDNES:

- Døypte:**
18/5 Toril Synnøve Karlsen.
Ektevigde:
21/6 Targeir Eldhuset og Solfrid Oddbjørg Kleven. Vigd i Sør-Audnedal.

Musikk, Kr.sand S. Prisen vart kr. 13.000 pluss det gamle orgelet, som blei verdsett til kr. 3.000.

Eigentleg er prisen på det nye orgelet langt høgare. Ein kan vel seie at det var meir tilfeldig at denne handelen kom i stand. For oss vart det ei snar og lukkeleg løysing. Kommunestyret løyvde beløpet, og det skal dei ha takk for. Vi har fått eit teneleg instrument i Årdal kyrkje, både til gudstenester og andre samkomer.

å høyra på nytt.

Ein bodskap som Johannes og Peter med stort frimod la fram, sjølv om dei religiøse leiarane stod dei etter livet.

Og som ein tidlegare biskop la fram med like stort frimod!

Ein biskop som nett denne kvelden gjennom å peika på Jesus forandra livet til ein ung protestmakar på nest bakerste kyrkjenbenk!



Vår nye kyrkje-verje

Då eg på forsommaren fekk beskjed av vår kjære trusopplærar Janne Wikstøl at ho hadde fått ny jobb, gjekk eg straks i gong med å «sondera terrenget».

Tekst: Olav Nilsen

Foto: Øystein Moi

Nokon kviskra meg i øyret at ei framifrå dame med det klingande namnet Anne Synnøve Ropstad var komen attende til heimetraktene, og at kan hende ho hadde høve til å hjelpe oss med dette.

Eg ringde ho straks, og under samtalen nemnde eg og at kyrkjeverjestillinga snart vart ledig - då eg allereie arbeidde på overtid, og seinast ville gje meg når eg fylte 67 neste vår.

Då me noko seinare lyste ut stillinga i Setesdølen kom det i siste liten inn to søknader frå svært så dugande kandidatar. Den eine var Anne Synnøve Ropstad.

Ho vart samrøystes innstilt som nummer ein, og takka heldigvis ja! Så no er ho på plass, og allereie i full gang! Ho dekkjer fleire jobbar, og fleire prestegjeld samstundes - så heile Setesdal og Åseral nyt godt av hennar tenester på ulike felt.

I Bygland skal ho vera både kyrkjeverje og trusopplærar, og med hennar bakgrunn høver ho svært godt til det!

Oppveksten

Anne Synnøve er fødd i Kristiansand, og hadde sitt første leveår der. For då fullførte mor hennar lærarskulen! Ho er Evjejente, og heitte Gunda Wiberg før ho gifta seg med Hægedølen Bjørn Ropstad.

Men først budde Gunda fire år i Upper Manhattan, og der borte har dei framleis ein del amerikansk familie - som så mange nordmenn har.

Bjørn Ropstad var som kjent ordførar i Evje og Hornnes i 20 år, så litt politisk «belasta» er ho nok, vår nye kyrkjeverje. For ikkje å tale om bror hennar, som har vore både partileiar og stortingsrepresentant!

Det er noke som heiter å vera av god byrd, og det er det ingen tvil om i dette tilfellet heller!

Anne Synnøve er eldste av 4 søsken. Ho har tre yngre brødre, som alle har skikka seg vel - nett som ho har!

Foreldra hennar har som pensjonistar flytt ned til Kile, der far hennar opphavelg kjem frå.

Her dreiv besteforeldra og onkel til Anne Synnøve i mange år kiosk og kafe på Kile stasjon, og no har foreldra hennar bygd nytt hus og busett seg rett på andre sida av vegen.

Tida på Moisund

Etter eitt år i Kristiansand flytte familien Ropstad til Stemhei på Moisund.

Tek du av mot Vegusdal på slettene rett ovanfor Moi er du snart ute ved elva. Der ligg den eine idyllen etter den andre, og her hadde Anne Synnøve resten av oppveksten sin.

«Det var ein trygg og godt barndom i skogen» seier ho, og med mange spanande aktivitetar. Ofte sette dei garn i elva, og leverte fisk til Uleberg.

Orientering dreiv dei mykje med, for ikkje å tale om alle skiturane til Høgås. Og det vart mykje leik, og mykje fotball-speling på løkka!

Kort og godt ein god «landsens oppvekst», og etter alt å dømme utan at dei vaksne trong å organisere det heile! Det vert som regel folk av slikt!

«Me var over 20 ungar fordelt på 6 hus», fortel Anne Synnøve.

I så måte er det heller ikkje Stemhei sin feil at det idag vert fødd for få born i Noreg! Men så er det jo og ganske fruktbart i ordets vidaste forstand på stader med så mykje sol og frisk luft!

I Anne Synnøves oppvekst var det eigen småskule på Moi, så skulevegen var ikkje lang. Her var dei tilsaman tolv elevar frå 1.-3.klasse, og med særskule dugande lærarar!

Skulen låg rett innafor vegen opp til Abusland, og her var dei fire elevar i første klasse - to av dei frå Stemhei. Attpåtil gjekk første klasse berre på skule annankvar dag, så her var god tid til leik og moro på fritida.

Kan hende kjeda dei seg litt og, men det er ofte då ein finn på noko glupt som ingen andre har tenkt på før!

Etter småskulen gjekk ho 4.-6. klasse på Hornnes, deretter Evje ungdomsskule, og så Hornnes gymnas.

Høgare utdanning

Etter det har Anne Synnøve tatt så mykje høgare utdanning at berre CV'en hennar ville dekkja eit heilt Kyrkjeblad!

Ho har mellom anna studert sosialantropologi og geografi, statsvitenskap og teologi! Berre for å nemne noko. Attpåtil manglar ho berre praktikum for å vera fullt utdanna prest.

Så kven veit om me ikkje i framtida får både prest og kyrkjevevje i Bygland i ein og same person. Nett slik det var ein periode i Bernt Olav Jensens glansdagar!

Men Anne Synnøve er slett ingen «evighetstudent» utan kontakt med det vanlege arbeidslivet. Snarare tvert imot!

Allereie som 12-åring tok ho sommarjobb som jordbærplukkar, og som 13-åring fekk ho jobb i klesbutikken til Cleveland i Evje Sentrum. Etterkvart hamna ho over i matbutikken, der Cubus no ligg.

Utferdstrongen vakna

Men så vakna utferdstrongen, og etter gymnaset reiste ho til Solborg Folkehøgskule på reiselivslinja.

I kjølvatnet av dette vart det både kamelridning på Sinaifjellet i Egypt, tur til det fjerne Østen, og vitjing til eit misjonsprosjekt i Thailand. Reiselysta vart ikkje mindre av dette!

Under sosialantropologistudiet var ho mellom anna eit halvt år i India, der ho studerte Buddhisme og Hinduisme. Utan at det rokka noko med hennar kristne tru!

Deretter gjekk turen til Mali i Afrika. Her var ho først på ein stad som heiter Bafaloub, der ho arbeidde som lærar på den norske skulen.

Så drog ho til Goundara, saman med ein misjonær frå Normisjon.

Mali er i utgangspunktet eit muslimsk land, men har som mange andre muslimske Afrikanske land likevel vore rimeleg liberale, og med ein viss aksept for andre religionar og levestett.

No er dette diverre i ferd med å endre seg, og det vert ikkje lenger tilrådd å ha norske misjonærar i landet.

Her på Bygland har me elles fleire gonger hatt besøk av Alf og Hilde Halvorsen, som har vore i Mali i mest heile sitt vaksne liv.

Tilbake i Noreg

Etter Mali havna ho i Bergen, der ho studerte statsvitenskap på Universitet, i tillegg til at ho tok pedagogikk på Lærarakademiet. Samstundes arbeidde ho på bispedømekontoret med ungdom og misjon.

Så flytta ho til Skedsmo, der ho dei tre siste åra arbeidde som lektor på Nannestad vidaregåande skule.

Før det arbeidde ho fem år som kyrkjelydspedagog i Skedsmo kirkelige fellesråd, og åtte år som kateket i Lillstrøm kirkelige fellesråd.

Som me skjønner er det difor ei dame med svært omfattande utdanning og kyrkjeleg praksis som tek over etter ein halvstudert røvar frå Skisland! Om ho elles har så mykje til felles med forgjengaren vil nok vise seg etter kvart, men begge deler ei stor interesse for geografi!

Til trass for stor reiseverksemd og spanande jobbar byrja Anne Synnøve å lengta heim att! Så no bur ho høgt og fritt oppe i Tingbergheia med sine fire døtre frå fem til femten år.

Alle har funne seg makelaust godt til rette, både på skule og i fritida, og heimen hennar ber preg av stor gjestfridom der både born og vaksne kjem og gjeng!

Jentene er med på fotball og idrett. Den eldste syng i lovsongsteamet og den yngste i «Kongebarna», bae på Evje bedehus.



Ein travel kvardag

Som me skjønner har Anne Synnøve ein travel kvardag, for i tillegg å vera kyrkjevevje og trusopplærar i Bygland, arbeider ho og med konfirmantar og leiarutvikling i Evje, Åsral, Bygland, Valle og Bykle!

Og attpåtil som diakon i Evje!

Anne Synnøve brenn veldig for ungdomsarbeidet og for konfirmantarbeidet, og er sterkt oppteken av gode bindeledd mellom kyrkja, bedehusa og dei andre kristne fellesskapa.

Og med ein visjon om eit godt kristent fellesskap gjennom heile dalen!

«Eg vaks opp på bedehuset på Moisund» seier Anne Synnøve. «Der var det veldig trygt og godt å vere!»

Så hadde ho ein periode ho kom meir på avstand, men då ho studerte i Trondheim fann ho attende til si kristne tru.

Kva er hennar ord?

Då eg spør etter «hennar ord», kjem det med ein gong frå Salme 32.8:

«Eg vil gjera deg vis og læra den den vegen du skal gå, eg vil la mitt auge kvila på deg, og gje deg råd!»

Songen «Det er navnet ditt jeg roper, vil du følge meg?» har og vore som eit livsmotto for henne!

Det er ingen tvil om at Bygland og Årdal sokn har fått ein ny svært dugande kyrkjevevje med stor erfaring på mange felt.

Kjære bygglendingar! Ta godt imot ho, og stell så godt med henne at ho vert verande her i lange tider!



Regnfull og innhaldsrik olsokgudsteneste med internasjonalt preg!

Tysdag 29. juli var det duka for endå ei olsokfeiring i Sandnes kapell. Veret synte seg ikkje frå si beste side, og regnskyene låg tunge over Åraksfjorden mest heile dagen.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Men då gudstenesta tok til var det opphaldsver, og mange gilde byggingar og tilreisande hadde samla seg på kyrkevollen.

Og på kyrkjegardsmuren sat to smilande unggutar og åt medbragt middagsmat. Dei var ikkje berre vanlege tilreisande, men hadde tatt turen på sykkel heilt frå København.

Brødrene var frå Frankfurt, men den eldste av dei studerte teologi i København. Planen var å sykle vidare opp Setesdal, over Haukeli og like til Bergen. Der ville foreldra og dei tre systrene deira koma og henta dei på returen heim.

Gutane fann snart vegen inn på gudstenesta, der dei jamvel song

av full hals på fellessongane. Og sia regnet etter gudstenesta bøtta ned att i store mengder, vart dei attpåtil budd på overnatting frå ein av gudstenest-edeltakarene.

«Der det er hjarterom er det husrom» som me plar seia.

Og hjarterom var det inni kyrkja og! Vår alles kjære Susanne Hegen-scheidt hadde gjort klart både kaffi og kjeks i rikelege mengder, sia grilling på Kyrkjeodden på ingen måte freista denne gongen!

Organist Oddbjørn Stakkeland spelte på det gode gamle amerikanske trøorgelet så det var ein fryd, og fellessongen frå eit nesten fullsett kapell ljoma så taket mest reiste seg!

Sokneprest Kjell Steinbru var i storform, og tala levande og engasjert over dagens tekst.

På denne dagen hugsar me jo spesielt Olav den heilage som kristna Noreg for snart 1000 år sia, fylt av takksemd over alt det kristen tru og tanke har betydd for land og folk i slekt etter slekt i vårt fagre fedreland langt her oppe i nord!

Det var med stor takksemd og glede me atter ein gong reiste heimatt etter nok ei gild Olsokfeiring i Sandnes kapell!



Takk for meg!

Ein solfylt junidag i 2007 var eg same dag på to jobbintervju. Først på Evje, og så på Bygland. I båe tilfelle gjaldt det ledig stilling som kyrkjevevjerje.

Tekst: Olav Nilsen

Eg var ikkje i beit for arbeid, då eg allereie hadde to jobbar - ein som rådgjevar i Vennesla kommune, og ein som rekneskapsfører på ein norsk skule i Spania. Før det var eg i mange år økonomisjef i Vennesla kommune.

Men eg som heile mitt vaksne liv hadde stelt med økonomi, administrasjon og personalleiing, hadde lyst til å prøva noko heilt anna i tillegg. Utan at eg heilt visste kva eg gjekk til.

Uventa kommentar

På jobbintervjuet på Bygland fekk eg ein nokså uventa kommentar frå dåverande fellesrådsleiar Sigbjørn Horverak:

"Nilsen, du skriv at du er medlem av Øvre Øvrebø Frikyrkje, men ikkje ser det som noko problem å melda deg inn att i Statskyrkja. Det er det dummaste eg nokon gong har lest. Me burde stått i Frikyrkja alle saman!"

Då lo både sokneprest Bernt Olav Jensen, soknerådsleiar Svein Kleivane og eg hjarteleg godt.

Seinare lærte eg Sigbjørn Horverak svært godt å kjenna, og me hadde mange fine samtalar på kontoret mitt. På minnesamværet mange år seinare vart det sagt:

"Ingen var så kritiske til Kyrkja, men så trufaste i Kyrkja som Sigbjørn Horverak!" Og her ha me mykje å læra.

Eit tysk-norsk ektepar

Då eg for nokre veker sia syntte vår nye kyrkjevevjerje Anne Synnøve Ropstad rundt om i kyrkjene, traff me på eit tysk-norsk ektepar utanfor kyrkja i Grendi.

Me ba dei med inn, og sia akustikken var så god song dei like godt ein duett for oss som eg akkompagnerte til.

Då me skulle gå spurte mannen meg kva som stod over dørstolpen ved utgangsdøra. "Der to eller tre er samla i mitt namn, vil eg vera midt i blant dykk" oversette eg.

Då spratt tårene i augo på gjesten vår, og han sa med skjelvande røyst: "Tenk at Jesus har vore midt i blant oss no"!

Heidersmenneskje

Og slik har eg opplevd det gong på gong i møte med alle dei heidersmenneskje eg har truffe i Bygland gjennom dei atten åra eg har vore der.

Anten eg har vore i kyrkje eller bedehus, på KVS Bygland, eller i samtaler med enkeltmenneske eg har vitja, har det vore som ein ange av Jesu kjærleik.

Dei venlege velkomstorda, alle dei gode handtrykka og dei varme klemmene. Ofte har eg hatt mi kjære kone Kjellfrid med meg, og ho har kjent på nett det same.

Berre dei gjer det dei skal

Eg får lov til å tru at eg og i denne jobben har gjort eit godt arbeid med økonomi, administrasjon og personalleiing.

Då Per Emanuelen vart prostidiakon i heile Øvre Otredal sette han som betingelse av eg var formell arbeidsgjevar. For då kunne han gjere som han ville, sa han. Og kvifor ikkje! Eg visste jo at han gjorde ein framifrå jobb utan mi innblanding!

Og slik har eg alltid freista å leie dei tilsette. Berre eg veit at dei gjer det dei skal, blandar eg meg aldri inn i detaljar. Og jo meir overflødig eg vert i så måte, jo betre leiar trur eg eg har vore.

Og mine medarbeidarar har vore eineståande alle som ein! Organistar, kyrkjetenarar, klokkarar, reinhaldarar, prostidiakonar!

Og alle andre friviljuge som er med i trufast teneste i Guds rike! For ikkje å tale om medlemmene i soknerådet! Og elles alle gilde byglendingar flest!

Og alle dei fire sokneprestane som har tenestegjort i min periode har vore svært venlege og samarbeidsviljuge! Ikkje minst Kjell Steinbru som no trer av samstundes med meg!

Eit stor vemod

Så det er med stort vemod eg no gir meg for pensjonsalderen. Men eg har lova å framleis trø til der det trengs. Mellom anna med Kyrkjebladet om dei vil ha meg.

Og så fører eg rekneskapen for Fellesrådet og soknerådet. Det er det nok ikkje så mange andre kyrkevevjerjar som gjer. Men



så har eg då og gått på Noregs beste handelsskule - Drottningborg! Det har Harry Andersen og - som gong på gong har hjulpet meg når me har arrangert konsertar - ofte med kjente amerikanske artistar.

Det heng ein heil vegg full av konsertplakatar på det tidlegare kontoret mitt. Eg vonar dei vert hengande!

Vår nye kyrkjevevjerje Anne Synnøve Ropstad vert portrettert på ein annen stad i dette Kyrkjebladet.

Men ho byrja formelt 1. august, og eg slutta formelt i mi faste stilling frå 1. september.

Markering

Søndag 16. november i Bygland kyrkje kl.16.00 vert det ei markering av at eg har slutta og at Anne Synnøve har byrja i tenevta i Bygland og Årdal sokn.

Då skal vår kjære prostidiakon Åse Gudrun Thortveit ha talen, avtroppande sokneprest Kjell Steinbru skal leia gudstenesta, og etterpå vert det samling i Vonheim bedehus.

Vonheimkoret vert med, likeså Noregs beste munnspejar Charlie Blackwater, Annemarie De Jong som nett har flytta til Bygland, og organist Oddbjørn Stakkeland.

Då vonar eg rett mange byglendingar tek vegen og blir med oss.

Eg vender stendig attende!

Men eg bryt nok ikkje heilt kontakten med Bygland! Kvar sommar er eg med og arrangerer Bygland bibel- og naturcamp på KVS Bygland, og i ein svak augneblink lova eg Svein Kleivane å bli med i Vonheimkoret. Så difor vender eg stendig attende!

Eg takkar med dette for meg, og ynskjer dykk alle Guds rike signing.

Med vensam helsing Olav



Praksisteneste i Bygland og Årdal sokn

I haust skal ein kjekk ung mann ha praksisteneste i soknet vårt. Me let han presentere seg sjølv:

Jeg heter Mats Hansen, er 25 år og fra Kvarstein i Vennesla. Jeg har vokst opp i Den Norske Kirke, og med yngres på bedehuset.

22. sept - 23. okt skal jeg ha praksis i Bygland menighet, i forbindelse med min presteutdanning. I praksisen skal jeg følge og observere presten, og bidra litt i noen gudstjenester og gravferder.

Jeg har tatt bachelor på Ansgar Høyskole, og tar nå mastergrad på Fjellhaug, mens jeg tar praktikum hos Teologisk Fakultet. Studiene er nettbasert, dermed bor jeg i Vennesla. Jeg jobber som ungdomsarbeider i Vennesla Frikirke, og har verv i Vennesla kommunestyre. Jeg er også engasjert i Bedehusmann, hvor jeg skriver låter, synger og spiller banjo. Vi skal forøvrig ha konsert i Valle Kirke 25. oktober.

Gleder meg himla til å se nærmere hvordan det er å være prest. Jeg er ferdig med utdannelsen juni 2027, og det er mye mulig jeg ønsker å jobbe i Byglandsområdet (Setesdalen) hvis muligheten byr seg.

Mvh Mats Hansen

Ein prostidiakon av Guds nåde

I august 2023 tok Åse Gudrun Thorveit over som prostidiakon i Øvre Otredal. Det er alt to år sia. I mellomtida veit me at ho allereie har sett djupe og gode spor etter seg oppover heile dalen. Nett difor fortener ho litt omtale i Kyrkjebladet vårt!

Tekst: Olav Nilsen

Foto: Åse Gudrun Thortveit

Åse Gudrun er fødd på garden Torveit på Iveland, høgt og fritt rundt 350 meter over havet.

Ho var nestyngst i ein søskenflokk på fem, og då ho var knapt to år gamal døydde far hennar. Og der sat mor att med ein heil ungflokk på ein liten gard med ein liten enkepensjon.

Garden hadde 4-5 melkekyr, og nokre kalvar og stutar til slakt.

Mor hennar hadde heldigvis mange søsken, og ein stor familie, og mange hjalp til på ulikt vis slik at dei likevel klarte seg rimeleg bra!

Det kan den avtroppande kyrkjevevja sjølv bekrefte, som utan sertifikat kom på vitjing ein 17. mai-kveld i 1977 i sin fars Opel Rekord. Så langt eg hugsar vanka det både kaffi og kaker, for ikkje å tala om hugnadssamt selskap med ein haug jamnaldrande Ivelendingar.

Og at det mangla noko i den heimen tenkte eg aldri på. Men så er jo heller ikkje gutane dei som legg merke til så mange andre detaljar enn jentene i den alderen!

Mor til Åse Gudrun var eit eineståande menneske, med godt humør og glimt i auga!

Bror til Åse Gudrun vart på mange måtar gardsguten til mor si, og då minstejenta kom til, kort tid etter farens død, var det kan hende ikkje så mykje merksemd som vart Åse

Gudrun til del. Noko som nok har prega ho på ymist vis, og som me kjem attende til seinare.

Ut i verda

Etter 9-åreg folkeskule på Iveland bar det ut i verda. Først til Tryggheim folkehøgskule på Jæren frå 1978 til 1979. Der opplevde ho nok miljøet monaleg trongare enn på heimebane.

Mykje betre likte ho seg på Indremisjonsforbundets bibelskule i C.Sundst gate i Bergen. Dette var før den vart flytta ut til Bildøy.

Her traff ho og på avtroppande kyrkjevevja. Om me hadde så mykje meir til felles enn dialekta på den tida er eg usikker på, men begge røykte så langt eg kan hugse. Det er jo og noko å slå i bordet med.

Elles må ho ha oppført seg ganske så eksemplarisk på bibelskulen, for etterpå fekk ho kall til å vera "diakonal miljøarbeider" på Kveldsol pensjonær og sjukeheim i Havøysund øvst i Finnmark! Her fekk ho dekkast og losji, og attpåtil 800 kroner i månadsløn frå Indremisjonforbundet!

Berit frå Vennesla og Anne Lise frå Mandal kom opp rett før Åse Gudrun, og saman fann dei på mykje av både lått og løyse!

Havøysund var eit typisk nordnorsk fiskevær, og då ho skulle flytte heim att etter halvtanna år, sa lokalbefolkninga til ho: "Du kan jo berre bli verandes, og få jobb i fileten"

Så stakk ho til sjøs

Men "fileten" var ikkje nett det som lokka mest, så etter eit bel tok ho seg arbeid på fiskarheimen i Henningsvær. Så stakk ho til sjøs med misjonsbåten Elieser, der ho arbeidde saman med kokka.

I denne perioden fekk ho segla langs mest heile norskekysten frå Vestlandet til Nordkapp. Det gav

nok endå større overblikk enn over heiedraga på Tortveit!

Gjennom alle desse turane og oppgåvene vart ho meir og meir trygg på seg sjølv, og lærte å stola på eigne vurderingar.

Så bar det heim att til arbeid på Evje bakeri. Medan ho var der kom eldsteguten til verda, og no har ho fire vaksne born og to borneborn.

Har breid livserfaring

Åse Gudrun tok utdanning som helsefagarbeider i vaksen alder. Seinare tok ho og ei utdanning som gestaltterapeut - noko som i følge Åse Gudrun har vore henne til stor hjelp - ikkje minst i høve til sitt eige sjølvbilde.

For kan hende var det slik at fråveret av ein far, og ei travel mor som var blitt enke og mange gonger hadde nok med sine daglege gjere-mål, sette djupare spor enn ho hadde tenkt over.

Jesus seier jo at ein skal elska sin neste som seg sjølv. Det føreset jo at ein har eit så godt sjølvbilde at ein og elskar seg sjølv!

Og med ei så breid livserfaring skjønner me godt at Åse Gudrun er som skapt til å vera prostidiakon i Øvre Otredal.

Og her trivst ho verkeleg!

Kvar månad har ho rundt 30 heimebesøk i kvar deltakarkommune, i tillegg til temakvelder, diakoniens dag, andaktar m.m. Her kjem ho bort i alle slags menneskje og alle salgs skjebner. Men alle ho treff på er åpne og venlege, og ingen stad har ho til no vorte kasta ut!

“Eg ser på arbeidet mitt som Gudvillå”, seier Åse Gudrun med ettertrykk!

“Jesus møtte menneska som dei var, og slik ønskjer og eg å møte kvart enkelt menneske! Gud hadde ein god tanke då han skapte meg, og 1.Mosebok 28.15 kan stå som ein overskrift for livsvandringa mi”:

“Eg skal vera med deg og vara deg kvar du så fer”!

Me ønskjer Åse Gudrun Guds rike signing vidare på hennar ferd, og vonar me får behalda henne i dalen i mange år til!



Byglendingar i sønderled

I fjor sumar vart eg oppringt av ei danske reisegruppe som ynskte å koma inn i Bygland kyrkje. Eg var på Bygland bibel- og naturcamp akkurat då, og svippa nedom med ein gong og åpna dørene.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Her fortalde eg litt om kyrkja, og akkompagnerte på pianoet til eit par danske fellessongar. Dette tykte dei visst godt om, for ein månad seinare vart eg oppringd med spørsmål om eg kunne guida dei nokre dagar i Setesdal då ei ny dansk reisegruppe dukka opp.



«Den Bæredygtige»

Denne sumaren har eg så hatt gleden av å ta reisegrupper frå same selskap med over både berg og dal i Sørvest-Noreg. Gjennom dette har eg og fått god kontakt med den danske sjåføren Kjeld Thing. Så då han fekk høyre at me kvart år reiste på tur med Vonheimkoret og dei kyrkjeleg tilsette måtte me lova å koma på vitjing i hans heimetrakter.

Og slik vart det.

Sørover til vårt broderland

Første helga i september la nitten reiselystne byglendingar og anna godt-

folk i veg sørover til vårt broderland Danmark.

Først med ferje, og så med bilar sørvestover 2-3 timar til me ankra opp ved Tambohus Kro og badehotell.

Dette ligg heilt sør i Limfjorden, og framsidebiletet på dette Kyrkjebladet fortel mykje om beliggenhet og utsikt.

Me har fjord og fjell som storleg imponerer danskane. Dei har det flate og bølgerande landskapet som gjer horisontane så uendeleg store.

Og så gjer det jo inntrykk på nordmenn oppvaksten på skrinne berg-flekke-er å sjå dei stor åkrane og engene som strekk seg utover så langt augo kan sjå!

Folk frå Vest-Jylland, eller "Jydar" som dei og vert kalla, er eit folkeferd meir likare Egdene enn mang ein nordmann frå andre kantar av landet. Dei fleste er enkle landsens folk med godt humør, venlege og imøtekommande, og med ein dialekt som liknar svært mykje på den dei talar langs den "blaude kyststriben" på Sørlandet.

Dei tøffaste lauga seg

Vel ankome Tambohus kro og badehotell vanka rundstykker og kaffi, før nokre strakk seg ut i horisontalen, medan andre gjekk tur, og dei tøffaste lauga seg i Limfjorden.

Klokka 17.15 fylte me så opp bilane, og la i veg ut til Jegindø Missionshus. Her vanka velsmakande middag og ein velkomstkomite som ikkje visste det beste dei kunne gjera for sine norske gjester.

Klokka 19.30 strøymde det på med fleire danske vener, så lokalet vart mest smekkefullt. Ekstra triveleg var det at presten på Jegindø - Liv Marit Tjelle Holm - dukka opp.

Ho er fødd og oppvaksten i Hauge-sund, men gifta seg med ein danske i godt vaksen alder, og gjennomførte så ei litt forenkla presteutdanning. Liv Marit var svært godt likt av både kyrkjefolk og Indremissionsfolk, så sorga var stor over at ho no reiste vidare sørover til mannens heimetrakter.

Si siste preik heldt ho faktisk på

sundagen i Hvidbjerg kirke, og både der og i Missionshuset fredag kveld, slapp Vonheimkoret til med song og musikk.

“Håbets venner”

På fredagskvelden var det i tillegg mykje allsong, og song av den danske gruppa “Håbets venner” - akkompagnert av ein rasande god pianist og organist.

Alt i alt vart fredagskvelden strålende på alle vis - og der og vergudane synt seg frå si aller beste side.

Det var langt på kveld før me tok farvel med alle våre nye danske vener!

Damene måtte innom Spar

Laurdags morgon rann med ein strålende soloppgang, og med nye morgonbad for dei aller sprekaste.

Etter ein lang og velsmakande frokost, vart me så henta av ein strålende opplagt bussjåfør Kjeld Thing, som tok oss med på tur mest heile dagen.

Først måtte nokre av damene innom Sparbutikken i Hvidbjerg, og så gjekk turen på kryss og tvers av både Jegindø og gamle Hvidbjerg kommune.

Undervegs fekk me servert medbragte smørbrød på Jegindø Missionshus, og Kjeld fortalte frå mest kvar einaste sving og bakketopp me passerte på vår veg.

Mohldalgaard Galleri

Sjølvsagt fekk me og sjå kor han og hans charmente kone budde, før me utpå ettermiddagen endte opp på Mohldalgaard Galleri, der eigaren Ketty Dahl tok imot oss med åpne armar.

Og for ein stad! Her var heile løa gjort om til kunstgalleri, og der Ketty hadde laga omtrent alle måleria sjølv. Mange av dei med bibelske motiv, og der biletet “Den Bæredygtige” gjorde sterkast inntrykk på oss alle. Ja, så sterkt inntrykk at Harry Andersen kjøpte med seg heile måleriet som var så stort at det var med naud og neppe Svein Kleivane fekk plass til det i bilen sin.



Glade byglendingar på veg til «Emaus». Sjåfør og guide Kjeld Thing til høgre på biletet.

Ketty Dahl synta fram fleire måleri med bibelske motiv, og heldt mest som ein bibeltime for oss for kvart bilete.

Om den "Den Bæredygtige" skriv ho mellom anna: "Når jeg kalder billedet for Den Bæredygtige, så ligger der jo en dobbelthet i det. Jesus er frelseren, der bærer. Bærer den tabte og fortabte. Han er ikke en Frelser blandt mange, men den ultimative Bæredygtige".

Den som har lyst til å sjå måleriet under nye omstende, får ta turen heim til Harry Andersen. Der har han tenkt å rydde litt for å få plass til heile måleriet på stoveveggen.

Badehotellet

Vel attkomen på badehotellet laurdags ettermiddag, var det igjen tid for eit forfriskande bad for nokon, middagskvil for andre, og spasertur for dei sprekaste.

Klokka 19.00 innbaud hotellet til festmiddag i "ballsalen" innafor salongen. Her vanka det velsmakande middag og dessert, og etterpå song me fellessongar på både dansk og norsk. Rett nok var klaveret så falskt at det

meste gjekk "acapella", men elles var det ingenting å seie på dette heimslege gamle strandhotellet!

Reiseleiaren sov dårleg natt til laurdag, og det vart kompensert med eit hyldningskvad til kvar enkelt i reisegruppa, skreven seint i dei nattlege timar.

Men så synta det seg at prostidiakonen var utegløymt! Det førte til nok ei delvis søvnlaus natt, der eit ekstra vers kom på plass i 5-tida sundags morgon.

Hvidbjerg kirke

Ein ny strålende dag rann fram, og etter nok ein solid frukost gjekk turen til gudsteneste i Hvidbjerg kirke - nokre få kilometer frå hotellet vårt.

Kyrkja var mest fullsett av høgtidsstemte danskar og nordmenn, Vonheimkoret song av full hals, og sokneprest Liv Marit Tjelle Holm heldt ein engasjerande tale over søndagens tekst.

Innleiinga til gudstenesta var og strålende, der klokken song solo på kjende gospellåtar så det beint fram runga utover heile lokalet!

Elles var det og her god fellessong, og der danskane syng absolutt alle versa - ikkje berre første, andre og siste slik me nordmenn har stelt oss til med.

Takk og farvel

Så var det tid til takk og farvel - til gamle og nye danske vener.


Vel attende på hotellet inntok me ein velsmakande og allsidig lunch, før me sakte men sikkert tok vegen nordover att.

Heimturen gjekk bra, med kveldsmiddag i båtens store restaurant. Så vart det litt forvirring om kvar me skulle sitje på resten av turen, men etter kvart var me alle samla på dekk 10, til me seig inn mot Kristiansand i 11-tida på kvelden.

Ein var våre nye reisedeltakarar i år var Sverre Høgsås. Han er no styrar på Evjetun, men opphåveleg busett i Mandal.

Så kven veit om ikkje byglendingane fer i sønderled og neste år, om enn ikkje over Skagerrak, så til Norges sørlegaste by.

Den som lever får sjå!



På kyrkjeveg frå Åseral til Bygland

Sundag 17. august var det duka for ein ny «På kyrkjeveg», denne gong frå Åseral til Bygland - nærare bestemt frå Espelid til Skomedalsheia.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Veret viste seg frå si aller beste side for dei ti kyrkjevandrarane som tok i veg over heia, og turen vart ei festreise sjølv om motbakkane vart mange.

Men fram kom dei alle saman, og etter ei halv times bussreise ned til Åraksbø vart det tid både til ei forfriskande lauing i Åraksfjorden, og ein god kveldsmat i Grendehuset, før gudstenesta tok til i Sandnes kyrkje Åraksbø - tjue minutt forseinka. Det var ein gild flokk som sessa seg i kyrkjebenkene, sokneprest Tom Martin Berntsen var i storform, og organist Eirik Hodnemyr trakterte pianoet så det var ein fryd!

Guidane Kari Røynlid og Olav Grenstad vart takka for strålende

innsats, og det same vart vår kjære sjåfør Gunnar Gautland - der alle tre fekk overlevert vakkert utskårne servietthalदारar laga av vår lokale trekunstnar Bjarne Nordgarden.

Ein på alle måtar gild, men strevsam «På kyrkjeveg» denne fagre og solfylte sundagen i august.



Konfirmanttida er i gong!

Sju flotte konfirmanter frå Bygland møtte opp til lek og alvor på bedehuset på Hornnes 12. september. Då var det duka for avspark for konfirmanttida i lag med gjengen frå Åseral og Evje og Hornnes.

Tekst og foto: Anne Synnøve Ropstad

Byglendingane imponerte med god deltakelse i fleire tevlingar og i innsats for gruppa si. Den eine gruppa viste dugleik med 3D-teikning av eit hus i ei særskild vanskeleg samarbeidsoppgåve, og dei viste stort engasjement i tablå av bibelforteljingar. Her fekk vi Jesu fødsel med stor innleving frå fleire grupper, men og Noahs ark var ei kjend forteljing.

«Grip mikrofonen» der heile gruppa måtte synge dei ulike songane fekk dei fleste på beina og gav trøkk i bedehuset.

Det er viktig med måltidsfellesskap, og taco stod på menyen denne gongen. Samlinga var avslutta med bønnevandring og nattverd. Dei lærte at å vere saman med Gud, og tala med Gud gjer ein på så mange måtar. Gud talar til oss òg på mange måtar.

Så denne kvelden fekk dei bruke stillheit, ljostenning og skrive bønar, i tillegg til nattverd. Det var ein innhaldsrik kveld. Leiarane av kvelden hadde fyrste praksis etter at dei starta på leiartreningskurs no i haust. Dette gjorde dei på ein frami-frå måte, med godt humør og god teft for løysingar på uventa utfordringar.

Ein flott gjeng konfirmanter og ein flott gjeng leiarar gjorde det til ein flott kveld, og vi gler oss til resten av konfirmanttida!



Ei av oppgåvene var at dei skulle lage eit tablå av ei bibelfortelling. Her ser vi den eine gruppa vise Jesu fødsel med tre vise menn frå Bygland rundt.





Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

Søndag 5. oktober

17. søndag i treeiningstida

Gudsteneste og avskil med sokneprest
Kjell Steinbru
Sandnes kyrkje Åraksbø kl.16.00 ved
Kjell Steinbru og Rune Stormark
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketekst: Markus 5, 35-43 Jesus
vekkjer ei lita jente opp frå dei døde
Takkoffer til Vonheim bedehus
Song av Vonheimkoret
Samling og mat i Grendehuset etter
gudstenesta

Søndag 19. oktober

19. søndag i treeiningstida

Gudsteneste i Bygland kyrkje kl.11.00
ved Kristine Borgen og Mats Hansen
Konfirmantpresentasjon
Tårnagentene deltar
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketekst: Lukas 9, 57-62 Jesus krev alt
Takkoffer til Israelsmisjonen

Søndag 2. november

Minnedag
Minnegudsteneste i Sandnes kyrkje
Åraksbø kl.19.30 ved Kristine Borgen
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketekst: Lukas 6,20-23 Sæle
og usæle
Takkoffer til Fredheim bedehus
Kyrkjekaffi

Søndag 16. november

Diakonigudsteneste/konsert/avskils-
og velkomstfest
Diakonigudsteneste i Bygland kyr-
kje kl.16.00 med prostidiakon Åse
Gudrun Thortveit. Prest: Kjell Steinbru.
Song og musikk av Charlie Blackwater,
Vonheimkoret, Annemarie De Jong og
organist Oddbjørn Stakkeland.
Kveldsmat, avskils-og velkomsfest for
gamal og ny kyrkjevevje på Vonheim
bedehus etterpå.
Takkoffer til diakoniarbeidet.

Søndag 30.november.

Ljosmesse i Bygland kyrkje kl.20.00
ved Kristine Borgen.
Organist: Eirik Hodnemyr
Preiketekst: Matteus 21,1-11 Jesus rir
inn i Jerusalem
Takkoffer til Søndagsskolen Norge
Musikk av Noregs lengste korps
Konfirmantane deltek

Søndag 6. desember.

"Lys i mørket"

Jolekonsert i Bygland kyrkje kl.19.00
Sørlandet Pilegrimskor, sopran Anne-
marie de Jong, pianist Mark van de
Veen og fiolinist Robert Cekov
Inngangspris: kr.150,-

Tårnagentar



Velkomen til 8- og 9-åringar!
Laurdag 18. oktober kl. 11-14
inviterar me alle 8- og 9-åringar
til å vera tårnagentar. Då skal
me ete mystisk mat og løyse
mysteriar.

Søndag 19. oktober skal me
vere med på gudstenesten. Alle
døypte får invitasjon i posten,
men er du ikkje døypt og vil bli
med, så bare ta kontakt.

Anne Synnøve Ropstad
Kyrkjevevje, tlf 909 16 664

Kvittering

Innbetalt til konto

2898 20 05630

Betalingsinformasjon

Gåve til
Kyrkjebladet

Betalt av

**Gje ei ekstra gåve
til Kyrkjebladet!**

Me har til no i år fått inn rundt
kr.10.000,- i gåver til Kyrkjebladet, men
manglar framleis kr.20.000,- for å vera
i mål med budsjettet. Me set difor stor
pris på eit ekstra godt handslag i Haust-
nummeret og Julenummeret vårt!

Støtt
Kyrkjebladet

vøpps
554108

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6530865305

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt til

Kyrkjebladet

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
v/økonomiavd. Bygland kommune
4745 Bygland

Kvittering
tilbake

Kundelen

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

<

>

2898 20 05630

<6530865305>

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Døde

Anne Marie Hovstad
Født: 07.11.1940, død: 12.03.2025
Gunnar E. Lande
Født: 30.10.1932, død: 01.04.2025
Eli Tomine Moe
Født: 29.04.1952, død: 05.04.2025
Eidi Frafjord
Født: 04.02.1949, død: 16.07.2025

Beatrice Susan Cronje
Født: 01.02.1923, død: 06.08.2025
Gunnar Nordgarden
Født: 11.07.1944, død: 19.08.2025
Bjørge T. Stavenes Forgard
Født: 20.05.1957, død: 03.09.2025

Kyrkjebladet for 70 år sidan - 1955

Gudstenester.

18. søndag e. trlein., 9. oktober: Årdal kyrkje kl. 11. Sokneprest A. Tønnessen, Kristiansand S., preikar. Offer til soldatarbeidet. Nattverd.
19. s. e. tr., 16. oktober: Austad kyrkje kl. 11. Emissær Mjåvatn og prost Roe.

Biskopen konstaterte som noko av det særmerkte ved alle kyrkjelydane at det var støy og stabile tilhøve. Men ein måtte ikkje vera nøgd med dette. Ein måtte vidare fram. «En evig misnøye med livet er et særmerke for kristendommen». Og da ville ein nok finna at det var mykje som vanta. Biskopen nemnde her spesielt nattverden, «pulsslaget i ein kyrkjelyd».

I samband med ungdomsarbeidet, som er problembarnt vårt, tala bispnen om «flukten fra landsbygda». Og han nemnde i denne «forbindelse» at han trudde vi burde tale meir om det som lever og gror: om arbeidet med jorda, som jo i serleg grad er samarbeid med Gud.

Frå samværet i Byglands-kyrkja bar det til Landeskogen Sanatorium. Overlækjar Sand hadde vori so venleg å innbe bispe- og prestefolket til middag saman med pasientar og ein del av personellet.

Etter ein middagspause vart det servert kaffi for pasientar og gjester i dei to samlingssalane. Deretter hadde biskopen, som det vart sagt av overlækjaren, «fritt slag».

Bispen ga fyrst ordet til sin adjutant, som opna samværet. Og etter at bispinna hadde lese eit par gamle dikt, heldt biskopen eit forvitneleg foredrag om tankane våre.

Det gilde samværet varte so lenge at vi laut gå beint til Årdal kyrkje, der det var messe kl. 18 med opning av soknerådsformannen, preike av biskopen og avslutning ved soknepresten, som bar fram hjarteleg takk for dei uvanlege rike visitasdagane som biskopen hadde gjeve oss.

Måndag 5. september vitja bispen 2 av klassane ved Bygland folkeskule. Heimkomen frå skulen heldt han kontorvisitas, og kl. 16 hadde han messe i Sandnes kapell.

Slik er Agder-bispens tempo. Han spør seg aldri, men gjev med raust hand av sitt rike forråd og ut frå sitt varme hjarta. —

Må so Gud gje oss nåde til å nytta det vi fekk, til ny og meir heilhjarta innsats i det arbeidet som Herren kallar oss til.

S. R.

Offer til Santalmisjonen. Nattverd.
20. s. e. tr., 23. oktober: Messefall p. gr. a. presteinnsetting i Oddernes.
Bededag. 30. oktober: Bygland kyrkje kl. 11.
Helgemessesundag, 6. november: Åraksbø kl. 11. Nattverd.
23. s. e. tr., 13. november: Byglandsfjord kl. 11. Nattverd.
24. s. e. tr., 20. november: Austad kyrkje kl. 11.
1. søndag i advent, 27. november: Bygland kyrkje kl. 11. Nattverd.

Frå kyrkjebøkene

Døpte:

3. juli. Årdal kyrkje: Arne Utaaker, f. 8. juni. Foreldre: Gartnar ved Landeskogen Sanatorium Lars Vik Utaaker og k. Olga, f. Vedvik.
3. juli. Årdal kyrkje: Anne Lise Lauvdal, f. 24. april. Foreldre: Rutebilsjåfør Mikkel Olavson Lauvdal og k. Torborg, f. Skjeggedal.
3. juli. Årdal kyrkje: Bjørge Østebømyr, f. 6. mai. Foreldre: Maskinmekanikar Søren Østebømyr og k. Anna, f. Neset.

Avlidne:

1. juli: Bonde hv., enkjemann, Knut Anonson Heggland, f. 2. september 1864.
21. juli: Bonde, gift, Gunstein Moi, f. 10. september 1872.
5. august: Gardbrukar, enkje, Birgit Tallaksdtr. Sordal, f. 27. januar 1872.

Vigde:

25. juni: Fabr.arb. Olav Knutson Haugen og syerske Gyro Kyrvestad, bae Kristiansand S.
25. juni: Sagarb. Karl Jonson Robstad og hushj. Tone Nomeland.
2. juli: Gunstein Halvorson Lidteit og hmv. Ingebjørge Rygnestad.
30. juli: Småbrukslærer Kristen Nese og husstellærerinne Anna Helene Vatne. Vigde i Høvåg kyrkje.
8. august: Byggmeister Malvin Hodnesdal og sjukeyster Aslaug Kringlebotn, bae Bergen.
8. august: Byggmeister Karl Martin Hordvik og sjukeyster Berntine Margrethe Holst Friis, bae Bergen.
13. august: Sagarb. Knut Håvardson Heistad jr. og hushj. Mari Lunden.
20. august: Løytnant Tarjei Sandnes og hmv. Ruth Thelma Kjellingland.
3. september: Radiohandlar Albert Skjelbred og kjøkkenlærerinne Anne Lidteit, bae busett i Sand i Ryfylke.

Bladstyrar: SIGURD ROE
Fædrelandsvennens trykkeri - Kristiansand

Kyrkjelydene i Bygland

Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18, 4745 Bygland
Bygland kommune: 379 34 700
Heimeside: www.bygland.kyrkjelyd.no
www.facebook.com/Byglandskyrkjene

Sokneprest Kristine Borgen

Telefon 469 50 502
E-post: kristine.borgen@gmail.com

Kyrkjevevje Anne Synnøve Ropstad

Telefon 909 16 664
E-post: AR375@kyrkja.no

Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes

Mobil: 950 41 185
E-post: gro.tove74@gmail.com

Nestleiar: Susanne Hegenscheidt

Mobil: 941 74 761
susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no

Tilsette

Organist

Eirik Hodnemyr (eige firma)
Mobil: 975 69 885
E-post: eirik@hodnemyr.no

Klokkar og kyrkjjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad 948 80 383

Kyrkjjetenar, Årdal

Tore Moseid. 462 39 056

Kyrkjjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane 977 74 321

Reinhaldarar


Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Gro Tove Frafjord Sandnes (Sandnes) 950 41 185
Kari Aud Bakke Svenningsen (Årdal) 911 80 315

Prostidiakon

Åse Gudrun Thortveit .. 916 85 159
E-post: aasegudrun@hotmail.com

Rådgjevar:

Olav Nilsen 982 99 711
E-post: kbnilsen@hotmail.com



*Avsender: Kyrkjebladet for Bygland
v/Olav Nilsen
Skisland 28, 4715 Øvrebo*



Hvidbjerg Kirke i strålende septembersol. Foto: Olav Nilsen